



Deltakarar på stiftsdagane 2017

Dato: 24.05.2017

Vår ref: 17/02032-4

Dykkar ref:

Stiftsdagar 2017 - informasjon til deltakarar

Det nærmar seg stiftsdagar i Bjørgvin og vi gler oss til å ta imot dykk alle på Quality Hotel Edvard Grieg. Her kjem litt praktisk informasjon for stiftsdagane 6. – 7. juni.

Tilkomst til hotellet

Quality Hotel Edvard Grieg ligg på Sandsli i Bergen og har adresse Sandslåsen 50. Det går jamt med kollektivtransport med stoppested ca. 7 – 800 meter frå hotellet. Hotellet har òg gode høve for parkering for dei som reiser med bil, inkl. 11 el-bilstasjoner. Vi oppfordrar til bruk av kollektivtransport eller samkøyring med bil.

Kollektivtransport frå Bergen

Bybanen går no heile vegen til/frå Bergen sentrum til Flesland, og stoppar ved hotellet på haldeplassen «Sandslivegen». Den går ca. kvart 10. minutt. Elles kan ein ta direktebuss nr 50E frå Bergen sentrum, anten frå Bystasjonen perrong C eller Olav Kyrres gate perrong B. Haldeplassen ved hotellet heiter «Statoil, Sandslivegen». For rutetider, sjå www.skyss.no.

Registrering på hotellet

Når de kjem til hotellet må de registrere dykk. Då vil de mellom anna få utdelt namneskilt som skal brukast desse to dagane. For dei av dykk som skal overnatte på hotellet, skjer innsjekking frå kl. 15:10 i resepsjonen.

Program

Vi har lagt opp til eit variert program kor vi både skal ta opp spennande tema, men òg ha god tid til å vere i lag. Til å leie oss gjennom programmet har vi med oss Kristin Trætteberg, Sigrid Trætteberg Fahlvik, Hilde Trætteberg Serkland og Eivind Austad (piano). Dei har gjennom Brønn produksjonar blant anna arbeida fram førestillingar til bruk i trusoplæringa, og gjennom gruppa Søstrene Trætteberg gjort suksess som artistar, humoristar og songarar. I løpet av stiftsdagane vil dei dele av sin erfaring og sette sitt preg på programmet. Dette trur vi vil bidra til å gje programmet eit godt løft.

Litt om matservering

På tysdagen vert det servert sein lunsjbuffé kl. 15:10. Det er difor lurt å ikkje vere svolten når ein kjem. Det vert vidare servert møtesnacks når det er pause beståande av frukt, kaker osv. Hotellet har òg gratis tilgang på softis- og popkornmaskin begge dagane. Etter avslutta program på tysdagen kan dei som ynskjer det vere igjen for det sosiale. For dei som vel dette vert det servert wraps.

Faktura

Faktura for deltaking på stiftsdagane vert ettersendt kvar arbeidsgjevar på den fakturaadresse som vart oppgitt ved påmelding.

Om nokon elles har nokon spørsmål, må de gjerne ta kontakt med oss.

Kontaktperson: Eli Beate Nilsen, en548@kyrkja.no.

Vi ser fram til å sjå dykk alle på stiftsdagane!

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Eli Beate P. Nilsen
jurist

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Deltakarar på stiftsdagane 2017